

201801666 - 150  
KE/SB/A  
502

Osterøy Reiselivslag  
Osterøy Turlag  
Herlandsfoss Kraftpark AS

Norges Vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091  
Majorstua  
0301 Oslo

## **Felles uttale til nasjonal ramme for vindkraftutbygging på land, analyseområde 17 der Osterøy inngår.**

### Uttale til framlegg om vindkraftutbygging på Osterøy.

Osterøy Reiselivslag, Osterøy Turlag og Herlandsfoss Kraftpark AS ser at NVE sitt framlegg til nasjonal ramme for vindkraftutbygging på land vil skape store problem for realisering av lokale planar for naturbasert reiseliv og friluftsliv. Naturen må vernast som ein uvurdeleg framtidverdi for opplevingar, rekreasjon og aktivitet. Vindkraftutbygging krev enorme naturinngrep og anlegga vert synlege over store avstandar, anten du er på fjorden eller i fjellet.

Analyseområde nr. 17 omfattar Høgafjell og fjellområda vest- og nordover på Osterøy. Dette er eit mykje nytta friluftsområde med eit nett av stiar som har stor verdi både for folk på Osterøy og frå nabokommunar. Vi ser eit potensiale for lokale reiselivsverksemdar som er i gang med investeringar og tiltak. Nyleg restaurerte kulturhistoriske bygg i bygder som er bevisste på lokal kulturarv, er sterke faktorar i satsing på framtidig turisme. Turlaget tilrettelegg for kajakturar med landingsplassar i Osterfjorden og Veafjorden, i samarbeid med lokale reiselivsaktørar. Herlandsfoss Kraftpark AS arbeider med å få etablert ein reiselivsrelatert attraksjonspark med den gamle kraftstasjonen på Herland som base, i samarbeid med BKK som eigar.

Vindkraftutbygging vil vera svært negativt for naturbasert turisme i fjord og fjell med kvalitetar som desse områda har. I tillegg til dei områda som er markert med reservasjon mot utbygging på austsida av Høgafjellsområdet ned mot Veafjorden, må heile Høgafjellsområdet reserverast. Likeeins må fjellområda frå Tysse og nordover reserverast. Utbygging her vil vera synleg og sers skjemma langt utanfor Osterøy sine grenser.

### Avsluttande kommentar til nasjonal ramme for vindkraftutbygging på land.

Irreversible naturinngrep av så omfattande karakter som vindkraftanlegg på land, vil spolere for naturbasert friluftsliv og reiseliv som Noreg har heilt spesielle føresetnader for. Utbygging

av vindkraft bør leggjast til avgrensa havområde der anlegga ikkje er til hinder for sjøfart og fiske. Vindturbinar til havs kan produsere inntil tre gonger så mykje straum som på land. Problema med fjerning av anlegg i framtida vert langt mindre. Produksjonsanlegg til havs har Noreg kompetanse på. Det kan gje meining med norsk krafteksport - om enn med avgrensa statssubsidiering - som reserve for Europa når vinden ikkje bles og sola ikkje skin på kontinentet. Derimot bør perspektivet for nasjonal ramme for vindkraftutbygging for eksport av kraft som norsk råvare til Europa, vera uaktuelt. Nye vindmølleanlegg på land som medfører store øydeleggingar av kyst-, fjord- og fjellandskap, ønskjer vi ikkje.

Osterøy, 18.10.2018


Med helsing

Osterøy Reiselivslag

  
Trond Lillejord

styreleiar

Osterøy Turlag

  
Jørgen Varden

styreleiar

Herlandsfoss Kraftpark AS

  
Jan Roald Myking

styreleiar